



Hjelmås Vvs AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17059 - 20/68316

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
06.11.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 203/31

Tiltak: Tilknytning offentleg vatn
Byggjestad: Sauvågen 123
Tiltakshavar: Arne Dag Myking
Ansvarleg søkjar: Hjelmås Vvs AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.10.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tinglyst rett til å knytte seg på privat leidningsnett (erklæring om felles solidarisk ansvar). Alle som er knytt på privat leidningsnett og som har dette felles fram til kommunal kum skal signere på avtalen. Krav til tinglyst erklæring følgjer av «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske bestemmelser» kap. 2.3.
2. Situasjonsplan må vise samanhengande vassleidning fram til offentleg leidningsnett.
3. Før rørleggarmelding kan handsamast skal det ligge føre løyve til utslepp. Søknad er sendt inn til Alver kommune ved miljø og tilsyn den 19.10.2020.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 20.11.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hogne Askeland

Mottakarar:

Hjelmås Vvs AS

Torvhusmyrane 2

5913

EIKANGERVÅG